Referat frå elevråd 19.10.26 kl. 9.00-9.55

Saker:

12) Månadens leik

Spørsmål til klassane; har de forslag til ein leik som heile skulen kan lære og øva på?

13) Hei Verda!

Elevrådet vil fortsetta med løp. Alle spring på likt, kjekt når rektor kler seg ut og er med. Elevrådsrepresentantane spør klassen kva dei har lyst til å gjera på open dag.

Oda leiar samlinga i hallen, Susanne og Jens presenterer Bangladesh.

14) Film anti mobbing

Målet er å filma i morgon i siste time. Manuset er klart.

15) Høyring skulereglar

Elevrådet støttar endringa til «*mobilar og andre private digitale enheter*».

16) Evaluering Mapahooney

Me fekk inn 3500 kr til elevrådet.

Kva var bra? Det var kjekt!

Kva kunne vore betre? Hadde vore kjekt viss dei målte farten.

17) Økonomien til elevrådet

Elevrådet har 24 500 kr på konto + 6800 kr me fekk frå BUK i 2023 som me ikkje har brukt opp.

Elevrådet drøfta og kikka på basketballkorg og teqball-bord. Då må me spara eit år til. Har klassane andre forslag eller ønsker til kva elevrådet kan bruka pengane på?

18) Teaterpremie for hjartesone-kampanjen

Heile skulen reiser på teater i Stavanger ein kveld i november. Det blir jillt!

19) Barn og unges kommunestyre (BUK) den 26.11.

Me skal førebu tre saker til BUK:

-Digital praksis,- korleis få til ein god balanse i skjermbruk i skulen

Me har ein god balanse, bruker lite skjerm i i dag.

Bruka meir ark og bøker, skriva for hand.

- Spørsmål til ordføraren? Me kan stilla ordføraren eit eller to spørsmål i møtet

Kor tid skal dei mala skulen vår? Kor tid skal dei fiksa sånn at me kan bruka sløydsalen og mat og helse rommet med rømningsvegar?

-Har klassane forslag til kva me kan bruka 75 000 kr på?

Det må vera noko som er for alle barn og unge, ikkje lov å velja noko som har fått pengar før.

20) Kan elevrådet gjera noko for elevane på skulen frå LLE?

Elevrådet er positive til å bidra med noko, men ingen konkrete planar no.

21) Bokveke

Me har ikkje bokveke dette skuleåret, evaluerer etter lesekonkurransen korleis me vil gjera neste skuleår.

Skulen held på med leseplanen for skulen. Det kjem ein lesekonkurranse for 5.-7. trinn i november og januar frå Erling Braut Haaland dette året.

22) Case frå LLE.

Denne saka tek me neste gong.

Med helsing

Kristin Sando

Elevrådskontakt